



Arkivnr: 2015/5700-5
Saksbehandlar: Stanley Hauge

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.06.2016

Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ

Samandrag

Det vert med dette lagt fram forslag til møteplan for 2017 for fylkestinget, fylkesutvalet, dei faste utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tekne med her, fastset møteplanen sin sjølv. På den elektroniske møteplanen på nettsidene våre vil ein også ta med møtedatoane for desse organa etter kvart som dei vert vedtekne.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2017 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret slik det går fram av side 4 i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.05.2016

Etter kommunelova § 32 er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. I delegasjonsreglementet – reglement for sakshandsaming pkt. 5 har fylkestinget delegert til fylkesutvalet å handsama møteplan for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Andre organ som kontrollutvalet, klagenemnda, yrkesopplæringsnemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, valnemnda, fagskulestyret, ungdommens fylkesting og fylkesutval fastset møtedagar sjølv.

Det har vore praksis at utkast til møteplan er vorte lagt fram som melding for utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse og utvalet for miljø og samferdsel. Møte i andre utval og råd enn dei som er nemnde i reglementet pkt. 5 vert tekne med i opptrykt/elektronisk oversikt når organa har vedteke møteplanar.

Etter delegasjonsreglementet, del C. Delegasjon etter særlov pkt. 41, skal utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel gje innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker knytte til

- kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan
- reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å fremja motsegn i slike saker.

I forslaget til møteplan er det lagt opp til at dei månadlege møta har rekkjefølgje slik at utval for kultur, idrett og regional utvikling kjem etter møta i dei to andre utvala.

Det er tidlegare gjort vedtak i fylkesutvalet om at dei tre utvala skal ha møte i same veka (fylkesutvalet 26.09.12). I møteplanen for 2016 har utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel møtedag i ei veke og utval for kultur, idrett og regional utvikling i veka deretter. For 2017 vert det lagt opp til at utval for opplæring og helse har møte tysdagar og utval for miljø og samferdsel onsdagar. Møta i utval for kultur, idrett og regional utvikling er i hovudsak lagde til tysdagar i påfølgjande veke og helst 6-9 dagar før møta i fylkesutvalet. Dermed vil – til dei fleste møta – innstillingane frå alle utvala vera klare innan saksdokumenta til fylkesutvalet skal sendast ut. Målet er å redusera talet på utsendingar og helst unngå ettersendinga av innstillingar m.m.

Dei faste møtedagane for fylkesutvalet og dei andre utvala vert berre fråvikne når årsaka er samanfall med helgedagar eller særlege arrangement, konferansar og liknande.

April- og junimøta i utval for opplæring og helse (OPHE) og utval for miljø og samferdsel (MISA) vert lagde til onsdag (OPHE) og torsdag (MISA) for å unngå å koma rett etter påske- og pinseheligene.

For å unngå å leggja møte i haustferien (veke 41), må hovudprinsippet for møteavviklinga avvika i oktober. Då vil møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) koma i same veka som fylkesutvalet. Det same skjer i juni for å unngå å ha møte i same veka som dei to andre utvala eller i same veka som fylkestinget.

Det er eit krav i kommunelova § 45 at innstillinga til årsbudsjettet med alle forslag til vedtak skal leggjast ut til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før den skal behandlast i fylkestinget. Dette er det teke omsyn til i tidsavstanden mellom fylkesutvalet i november og fylkestinget i desember.

Når møteplanen skal leggjast, er saksgangen utval – fylkesutval – fylkesting eit viktig utgangspunkt med tanke på at innstilling frå relevante organ skal vera klar før det skal gjerast vedtak.

Val 2017

Det er stortingsval i 2017 med 11. september som valdag. Det er foreslått eit møte for fylkesvalstyret i slutten av mai for godkjenning av vallister til stortingsvalet. Det kan vera behov for fleire møte i fylkesvalstyret i løpet av våren. I august er det foreslått eit møte for val av arbeidsgrupper m.m. Det er lagt opp til at fylkesvalstyret har møte for godkjenning av valoppgjeret 18. september.

Det er elles teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane 27.2.-3.3.2017

Påske 9.-17. april

Christiekonferansen UiB 2017 – 25. april

Regjeringas kontaktkonferanse med fylkeskommunane 2017 – april, truleg veke 16 eller 17

Festspela 24. mai – 7. juni

Kristi himmelfartsdag 25. mai

Pinse 4.-5. juni

Stortingsval 11. september

Sykkel-VM i Bergen 16.-24. september

Hautferie truleg veke 41 (Oslo har fastsett hautferie 2017 til veke 40)

Tillegg:

Utkastet til møteplan 2017 vart lagt fram som referatsak til møta i utval for miljø og samferdsel (2.6.16), utval for opplæring og helse (2.6.16) og utval for kultur, idrett og regional utvikling (8.6.16.).

I møteboka for utval for opplæring og helse – 02.06.2016, er teke inn følgjande:

«Representanten Elizabeth Toft Erichsen (V) registrerer at det framleis er lagt opp til at utval for kultur, idrett og regional utvikling er lagt til veka etter dei to andre utvala. Representanten viser til at det gjer gjennomføring av gruppemøte vanskeleg og ønskjer at dei faste utvala kan ha møte i same veke.»

I møteboka for utval for kultur, idrett og regional utvikling – 08.06.2016, står dette:

«Til RS 34/16 Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ, røysta eit samla utval for å endra fast møtedag for utvalet frå tysdagar til onsdagar om dette let seg gjere. Administrasjonen syter for at dette vert formidla til behandlinga av møteplane i fylkesutvalet i juni 2016.»

Fylkesrådmannen 13.06.2016

Fylkesrådmannen meiner det er greitt at møta i kultur, idrett og regional utvikling vert haldne om onsdagane i dei fleste tilfella. Det må gjerast unnatak i mai, der tysdag 16. mai vert møtedag. Det er også ynskjeleg å ha møte tysdag 20. juni og tysdag 5. desember då fylkesutvalet skal ha møte torsdagar i same veka i desse månadene.

Dei nemnde møtedagane som kultur, idrett og regional utvikling er oppførte i forslaget til møteplan på side fire i denne saka.

MØTEPLAN 2017 – UTKAST

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			7.-8.			13.-14.				3.-4.		12.-13.
Fylkesutvalet	26.	22.-23.	30.		3.-4., 23.*	22.		24.	20.-21.	26.	22.-23.	7.
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	18.	15.	22.	26.-27.	16.	20.		16.	13.-14.	25.	15.	5.
Utval for opplæring og helse	10.	7.-8.	14.	19.	9.	7.		8.	5.-6.	17.	7., 28.	
Utval for miljø og samferdsel	11.	8.-9.	15.	20.	10.	8.		9.	6.-7.	18.	8., 29.	
Administrasjonsutvalet		16.				1.			7.		16.	
Fylkesvalstyret					23.			24.	18.			

* Møte tysdag av omsyn til festspelopning 24.5. og Kr. Himmelfartsdag 25.5.